

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Einar Færø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3862 - 19/35302

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
03.12.2019

AUSTEBYGD BARNEHAGE - GODKJENNING AV VOGNSKUR

Den 21.10.19 mottok Miljøretta helsevern teikningar på eit vognskur som skal nyttast av Austebygd barnehage. Teikningar vart vurdert og det vart etterspurt om bygget var godkjent etter plan- og bygningslova (TEK). Den 19.11.19 vart godkjenning etter plan- og bygningslova oversendt, samt situasjonsplan og byggteikningar (vår ref. 14/3862 – 19/35272).

I korrespondanse med prosjektleiar i Radøy kommune, samt styrar i Austebygd barnehage har det vert gjeve fylgjande opplysningar:

- **Beskriving av vognskuret;**

Vognskuret er ikkje planlagt med vindauge. Vognskuret er prosjektert av utførande med føresetnad å tilfredsstillast teknisk forskrift, derunder krav til tal og type rømmingsvegar.

Det er ikkje tenkt vindauge eller belysning, men skulle det visa seg at det er behov for dette for gjennomtrekk eller lys, vil dette kunne endrast i etterkant.

- **Bruken av vognskuret;**

- Det skal ikkje oppbevarast vogner eller soveposar i vognskuret.
- Vognskuret er tenkt brukt på kalde og våte dagar, på varme dagar treng ikkje borna å bruka skuret.
- Det skal vera ein person med ansvar for barna i vognskuret. Dersom me ikkje greier å ha ein person der så er ei løysing å ta vognene ut av skuret.
- Dette barnehageåret er det 4 barn som skal sova i barnehagetida.

- **Korleis vil bygget ha tilfredsstillande lufting;**

Det er planlagt att kistebord i utstikk monterast med luftespalte på om lag 10 mm mellom kvart 16x98 bord for gjennomstrøyming av luft.

Som snitt A-A syner, er det om lag 20 cm mellom topp ramme og til underkant sutaksbord, når ein då har opning mellom kvar bord ute i kista vil ein få god gjennomtrekk og sikre att det ikkje blir stillestående luft.

➤ **Heimel**

Folkehelseloven, kap. 3 og **Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.** samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifta "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

➤ **Vurdering**

Miljøretta helsevern har vurdert vognskuret og oppklarande opplysningar. Radøy kommune og Austebygd barnehage har ansvar for at vognskuret tilfredsstiller krav til inneklima, ev. lys og tryggleik.

➤ **Vedtak**

Vognskuret vert godkjent for soving etter «*Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.*», med føresetnad om at Radøy kommune og Austebygd barnehage syter for oppgraderingar/endringar med omsyn til inneklima, ev. lys og tryggleik dersom behovet for dette vert avdekket i ettertid.

Med helsing

Tord Lappen Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen etter *Forvaltningsloven kap. 6* og *Lov om folkehelsearbeid § 19*. Klagen skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast kommunen v/Miljøretta helsevern (Lindås kommune). Frist til å klage er satt til 3 veker frå dette brevs mottaksdato.

Link:

[Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.](#)

[Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler](#)

Kopi til:

Austebygd skule og barnehage
Einar Færø
Jarle Landås
Olaf Michal Hella
Radøy kommune
Stian Marøy
Vigdis Villanger